



## Undheim kapell.



**Navn:**

**Undheim Kapell og Bedehus**

**Byggjeår: 2001**

**Innvia: 9. desember 2001**

**Byggmester: HERSDAL AS**

**Arkitekt: Signatur Arkitekter AS**

**Kunst. utsmyk.: Per Odd Årrestad**

**Sitjeplassar i hovedsal: 300**

**Sitjeplassar galleri: 40**

**Sitjeplassar i kjellar: 150**

**Digitalt orgel: Allen 17 E**

Det gamle Undheim kapell frå 1921 brann ned 10. juli 1998.

Det var eit sterkt engasjement i bygda for nytt kapell, og mange stilte opp med stor dugnadsinnsats både i praktisk byggjearbeid og i økonomisk løft. Av total kjøpesum på kr. 17. mill. kr. vart 3,5 mill. kr. samla inn. I tillegg til var arbeid til verdi 3 mill. kr utført på dugnad.


Undheim kapell er eigd av eiga stifting og driftast av eit kapellstyre. Den norske kyrkja er leietakar og har gudstenester på kapellet anna kvar søndag. Undheim er eit sokn i Time kommune, Jæren prosti.

I tillegg til gudstenester, vigslar, gravferd og andre kyrkjelege handlingar, vert kapellet brukt til kor, open barnehage, foreiningar og lag, ungdomsarbeidet U21, konsertar, kulturkveldar, basarar, foredrag osv. Det er høve til å leige lokale i kjellaren til t.d. feiring av dåp, konfirmasjon, bryllaup med meir.

**Prest:** Per Børge Hillestad

**Soknerådsleiar:** Kåre Sigurd Undheim

**Leiar for kapellstyret:** Torvald Tjøland.



**Digitalt orgel:** Allen 17 E. →

← **Kunstnerisk utsmykking**  
v. Per Odd Årrestad.



I 2007 vart parkområdet på nedsida av kapellet ferdig. Prosjektet vart utført i samarbeid med grunneigar Preben Undheim. Han laga til ein turveg frå skulen langs elva fram til kapell-parken.

